

Fra: Asbjørn Nagell Toft
Sendt: mandag 26. juni 2023 09:03
Til: Postmottak Alver; Ingrid Raniseth
Emne: Kommunestyret i Austrheim kommune gjorde følgjande uttale til Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua den 22.06.2023
Vedlegg: Uttale frå Austrheim kommune- Formannskapet den 08.06.2022 og kommunestyret den 22.06.2023.pdf

Til Alver kommune

Kommunestyret i Austrheim gjorde følgjande uttale til **Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua** den 22.06.2023:

Uttale frå Austrheim kommune til planforslaget Detaljregulering for Fv. 565 Alversundbrua er:

Austrheim kommune er positiv til at formålet med planen er å leggje til rette for eit godt vegsystem som gir god framkomst og god tryggleik for alle trafikantgrupper. Austrheim kommune ser på ny Alversundbru som svært viktig for heile regionen, og for ei positiv utvikling for innbyggjarane og næringslivet vidare. Dette er den viktigaste tilkomstvegen for mange i vår kommune, men og for folk i nabokommunen Fedje. Det er mange pendlarar frå Austrheim, Fedje, Alver og Bergenregionen som brukar denne fylkesvegen dagleg.

Austrheim kommune ber om at ferdselen på sjø og land vert mest mogeleg uforstyrta i anleggstida. Det er om lag 6.000 bilar som passerer her i døgnet. Denne strekninga er ein svært viktig del av Fv. 565 i Nordhordland. Den indre farleia er ein av dei meste trafikkerte skipsleiene i Norge, både for nyttetrafikken, men og for fritidsreisar med båt. Her går det mange yrkesbåtar heile døgnet. Skipsleia her er og viktig for passasjertrafikken som går med snøggbåtar til og frå Sogn- og Fjordane og Bergen. Austrheim kommune ber om at dette vert ivareteke i planarbeidet vidare.

Austrheim kommune ser fram til å få ei moderne bru over Alverstraumen og vonar at den kan verta bygd så fort som mogeleg. Austrheim kommune er glad for at planarbeidet er kome godt i gang, og synes planframlegget er godt gjennomarbeidd.

Saksutgreiinga er vedlagt, kommuneprotokollen er ikkje ferdig skrive i enno, men dette som står over vart vedtaket (som i vedlegg er vist og)

Mvh.

Asbjørn Nagell Toft
Einingsleiar plan, bygg, oppmåling og miljø